

Vegar i Todalen som manglar namn

Med tanke på at det skal bli lettare å finne fram for utrykkingskjørety og andre, har Surnadal kommune etter pålegg frå Statens Kartverk, bestemt seg for at alle vegar i kommunen skal få sitt eige namn, og både bustader og hytter skal dermed få si adresse.

Derfor går dei no ut for å få forslag på namn som kan brukast og for Todalen har dei søkt hjelp hjå Plan- og tiltaksutvalget (P/T-utvalet) for Todalen.

Til sjuande og sist er det ei namneutval som skal ta den endelege avgjerda., men dei ønskjer sjølvstøtt at det blir bruka lokale namn der slike finns, eller namn knytt til staden der vegen går. Nedafor er det sett opp ein oversikt over vegar som manglar namn, og dei finn du att på karta som er laga for dei ymse områda, og merka med fargar.

P/T utvalet ber bygdefolket diskutere forskjellige alternativ, og kome med forslag til namn på dei ymse vegane. Det skal skje skriftleg enten på papir eller som e-post til Rune Moe, e-post: rune.moe@talgo.no innan 7. desember 2012. Har du meiningar så er det berre å sette i gang, for fristen er kort. Desse dokumenta er også lagt ut i Kaffekroken på Matkroken L. Hals. Der må det vera eit framifrå forum for å diskutere slikt!

Nærare beskriving av vegar og område i Todalen som manglar namn:

1. Kart "Område Kårvatn".

- a. Regulert hytteområde 1 Kårvatn. Området for hyttene i reguleringsplan.
- b. Veg frå Dalavegen ende (blå farge), og vidare til hyttefelt 1.
- c. Regulert område "Myrvang".
- d. Veg grøn farge, avkjørsle frå blå veg til Reguleringsplan "Myrvang" .
- e. Regulert område 3 "Talgø Gård, hyttesenter" ved Kokkhuset
- f. Regulert område 4 "Vassosen".

2. Kart "Midtre Todalen".

- a. Veg 1 frå ende Todalsvegen (Halsabrua) til Bruset.
- b. Veg 2 Avkjørsle frå Todalsvegen ved Sandstad – over Brusetbrua til ende Veg 1 ved Bruset.
- c. Veg 3 Avkjørsle frå veg 2 ved Bruset bru til ende Ramsøya
- d. Veg 3B frå Ramsøya slutt ved Hæggøyan
- e. Veg 4 Avkjørsle Dalavegen ved Trudvang og til gammel-fabrikken.
- f. Område 6 Øyalia hyttegrend
- g. Veg 5 Avkjørsle frå veg 1 ved Øya til "Øyalia Hyttegrend" (Reg.Område 5)
- h. Veg i Område 6, Avkjørsle frå Veg 2 og inn i bustadfelt (Bekkerhagan) merka Rosaroud farge.
- i. Veg i Område 6 Brun farge (ved Lauvås)

3. Kart "Nedre Todalen" og kart "Svinvik"

- a. Område 7 "Sissigrenda" namnes.
- b. Veg grøn farge i "Sissigrenda" namnes.
- c. Regulert område "Garnhammarn" namnes.
- d. Veg 6 Svart farge, avkjørsle frå Todalsvegen ved Todalshaug, til vassinntak for Råssåfoss kraftverk, namnes.
- e. Veg 7 Gamal veg frå Svinvika om Naustan til Gjeldnesvegen, namnes.

Generelt: Når reguleringsplanar vert utarbeidd, vert dei gjerne namna av den som teiknar plana. Namn på disse planane er difor ikkje godkjende, sjølv om dei følgjer plana gjennom heile handlinga.

I karta er det teikna inn område med sirkel og **plannamnet** som følgjer plana er sett inn med " " eller (). Kommunen har ikkje noko ønske om å endre desse namna, dersom dei passar med området.